



Helse Møre og Romsdal

Vår referanse
24/2922 24/15055

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Inger Johanne Løeng

Dato
11.07.2024

Høyringsinnspel Samarbeidsavtalen 2025 frå Ørsta kommune, saksnummer 2024/1795

Kommunestyret har i møte 13.06.2024, sak 55/24, fatta følgjande vedtak:

Helse Møre og Romsdal og Helse Midt har gjentatte gongar vist at dei ikkje tek pasientbehandling og kommunane på alvor. Helseforetaket har lagt ned Mork rehabiliteringssenter i Ørsta/Volda, og vil i praksis også legge ned Muritunet rehabilitering gjennom anbodskriteria, og Møre og Romsdal vil stå utan spesialisert rehabilitering utanom sjukehusa. Dette påfører Ørsta kommune og kommunane ei heilt uholdbar situasjon der pasientar ikkje vil få den hjelpa dei treng og har rett på nærast muleg heimen. I Trøndelag er situasjonen heilt annleis, der Helse Midt bevarer ideelle rehabiliteringsinstitusjonar utanfor sjukehusa.

Helse Møre og Romsdal innfører også Helseplattformen sjølv om fleire tilsyn og rapportar har påpeikt svikt og fare for liv og helse, at Helseplattformen dokumenterbart går ut over pasientbehandlinga og er meirbelastande for tilsette, og imot klare råd og stemmegiving frå tilsette.

Ørsta formannskap krev ein heilt annan dialog og tilnærming frå Helse Møre og Romsdal enn det det har vore siste året, og krev nye forhandlingar der helse Møre og Romsdal forpliktar seg til betre pasientbehandling og -kapasitet.

Møre og Romsdal Helseforetak må i samarbeid med kommunane og brukarutvala utarbeide ein plan som viser heilheitleg rehabilitering.

Helse Møre og Romsdal HF må også gjere ein grundig gjennomgang av avvika som kjem fram i Riksrevisjonen sin rapport på område rehabilitering.

Med helsing

Inger Johanne Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

